



Arkivnr: 2015/11246-4

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		16.11.2016

**Evaluering av resultatmål i "Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland"**

**Samandrag**

Hordaland fylkeskommune er opptatt av at verkemiddelbruken skal skape gode effektar og resultat for næringslivet og samarbeidet i regionen. I «Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017», som vart vedtatt av fylkestinget i juni 2013, er det lagt til grunn at det skal utarbeidast årlege resultatmål i handlingsprogrammet. Det er difor lagt inn konkrete resultatmål knytt til dei tre hovudinnsatsområda i handlingsprogrammet. Denne saka presenterer ei kort evaluering av resultatmåla basert på perioden 2014-2016.

**Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet tek saka til orientering. Fylkesrådmannen får samstundes klarsignal til å sjå nærmare på om nokre av resultatmåla bør justerast der det er behov for det.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 05.10.2016

### 1. Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune er opptatt av at verkemiddelbruken skal skape gode effektar og resultat for næringslivet og samarbeidet i regionen. I «*Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*», som vart vedtatt av fylkestinget i juni 2013, er det lagt til grunn at det skal utarbeidast årlege resultatmål i handlingsprogrammet. Det er difor lagt inn konkrete resultatmål knytt til dei tre hovudinnsatsområda i handlingsprogrammet. Innsatsområda med tilhøyrande resultatmål er som følgjer:

#### Innsatsområde 1: Entreprenørskap og innovasjon

- Auke i talet på kandidatar med gjennomført etablerarkurs
- Auke i talet på nyetablerte verksemder
- Auke i talet på «gaselleverksemder»
- Auka talet på klynger (t.d. innan ARENA, NCE, GCE, SFI-programma)

#### Innsatsområde 2: Relevant kompetanse

- Auke talet på personar som tek fagbrev, med særskilt fokus på etterspurte fagutdanningar
- Auke talet på godkjente lærebodar, særleg innan fagområder etterspurt av næringslivet
- Etablering av nye studietilbod innan høgare utdanning i tråd med behov i næringslivet.
- Auke talet på personar med doktorgrad i næringslivet

#### Innsatsområde 3: Bergensregionen, regionsenter og lokalsamfunnsutvikling i Hordaland

- Få alle regionar i fylket inn blant dei 50% beste regionane i NHO sitt Nærings NM
- Auke næringsarealreserven i fylket

### 2. Evaluering av Innsatsområde 1: Entreprenørskap og innovasjon

#### 2.1 Auke i talet på kandidatar med gjennomført etablerarkurs

Region	2011	2012	2013	2014	2015
Bergensregionen	184	186	243	233	266
Hardanger	8	16	7	6	7

Som indikator på dette resultatmålet er det brukt tal på nyetablerarar som har gjennomført etablerarkurs i regi av Etablerarsenteret til Business Region Bergen (BRB) og Hardangerrådet. Bergensregionen er i denne samanheng dei 22 eigarkommunane i BRB. Dette er ein stor del av Hordaland fylkeskommune – både når det gjeld geografi og folketal. Vel 450 000 av fylket sine 511 000 innbyggjarar bur i Bergensregionen. Etablerarsenteret har eigne kompetanseprogram der etablerarar og gründerar frå heile regionen får tilpassa tilbod om opplæring i det å starte eigen bedrift, utvikle forretningsplanar og innsikt i grunnleggjande økonomifunksjonar i små bedrifter. Etablerarar som deltar i kompetanseprogrammet får også tilbod om oppfølging og individuelle rettleiingstimar. I 2014 deltok til dømes 524 personer på Etablerarsenteret sine kurs og aktivitetar. I tillegg leverte Etablerarsenteret 302 individuelle rettleiingstimar. Talet på nyetablerarar som har gjennomført etablerarkurs har auka i planperioden. Sjølv om BRB vert avvikla frå 2017, vil tenestene til Etablerarsenteret bli vidareført. Dette resultatmålet er dermed eigna til vidareføring i framtidige handlingsprogram for næringsutvikling. Når det gjeld Hardanger viser førebels tal for 2016 at det så langt i år har delteke 15 personar på etablerarkurs. Auken både i Bergen og Hardanger kan ha samanheng med dei regionale etablerarfonda som Hordaland fylkeskommune oppretta i 2015.

#### 2.2 Auke i talet på nyetablerte verksemder

Indikator	2011	2012	2013	2014	2015
Tal nye verksemder	2653	3153	3309	3105	3293
Opna konkursar	36	51	220	354	413

Kjelda til talet på nyetablerte verksemder er Foretaksregisteret i Brønnøysund. Talet i oversikten inneheld alle selskapsformar, og det kan også vera med selskap utan tilsette. Desse opplysningane vert kunngjort på

internett omtrent med det same opplysningane er innført i Føretaksregisteret. For å nyansere biletet er det teke med tal på konkursopninga frå Konkursregisteret. Også på dette området har det vore markert auke i femårsperioden. Oversikten over nyetablerte verksemder er lett tilgjengeleg, oppdatert og godt eigna som resultatmål knytt opp til det tilretteleggjande arbeidet med å etablera nye verksemder.

### **2.3 Auke i talet på «gaselleverksemder»**

År	2011	2012	2013	2014	2015
Talet på gaselleverksemder i Hordaland	181	194	261	302	263

Dagens Næringsliv har sidan 2003 kåra og presentert dei norske gaselleverksemdene nasjonalt og fylkesvis. Ei gasellebedrift må vera eit aksjeselskap som har levert godkjente rekneskap, minst dobla omsetninga over fire år, omsetning på over ein million kroner det første året, ha positivt samla driftsresultat og unngått negativ vekst. Oslo, Akershus, Rogaland og Hordaland er fylka som har flest gaselleverksemder. Etter tre år på rad med auke i talet på gaselleverksemder vart det på nasjonalt hald ein nedgang på 17 prosent i 2015. For Hordaland sin del vart reduksjonen 13 prosent i 2015. Oljeprisfallet og omfattande nedbemanninger vert peika på som dei viktigaste årsakene til den negative effekten for vekstforhaldet i næringslivet i Hordaland det siste året. I dei komande åra vil det vera interessant å sjå korleis talet på gaselleverksemder vert påverka av den markante auken i nyetablerte verksemder.

### **2.4 Auka talet på klynger (t.d. innan ARENA, NCE, GCE, SFI-programma)**

Hordaland fylkeskommune har lang praksis med å støtte dei ulike aktørane med midlar, gjennom årlege partnarskapsavtalar med dei ulike aktørane. For NCE-ar og GCE-ar har løyvinga særleg vore knytt til å styrke den regionale innsatsen i klyngene, som skal fungere som nasjonale ekspertsenter. For nokre av klyngene inneber løyvinga òg at Fylkeskommunen er medlem av klynga. For 2015 og 2016 har støtta til NCE-ane vore på kr 350 000 og GCE-en kr 550 000. NCE Seafood Innovation Cluster, som var ny i programmet frå 2015, vart løvd kr 450 000 i 2016, då denne vart vurdert som den viktigaste samarbeidspartnaren for fylkeskommunen innan utvikling av ei berekraftig sjømatnæring, sett i lys av at både Fiskeriforum vest og Norsk Sjømatsenter vart nedlagt same året.

Midlane frå fylkeskommunen må på lik line med dei andre offentlege løyvingane matchast med privat finansiering, og er slik med på å utløyse meir private midlar i klyngene. Det er verdt å merkja seg at Hordaland er det fylket i landet som har flest klynger, og størst breidde når det gjeld variasjon i kva bransjar som er med i klyngeprogrammet. Veksten i perioden frå 2013 til i dag har vore god, med vekst når det gjeld etablering av GCE-klynge og NCE-klynger. Når det gjeld etablering av nye Arena-klynger er det framleis noko å gå på.

Klyngene har fått gode skotsmål frå dei tre eigarane av klyngeprogrammet, og fylkeskommunen mottar eigne rapportar årleg på dei aktivitetane som er sett i partnarskapsavtalane mellom klyngene og fylkeskommunen. Det har i nokre tilfelle vorte nytta midlar til drift av klyngeorganisasjonane, noko som ikkje har vore intensjonen med løyvinga frå fylkeskommunen.

Norwegian Innovation Clusters (NIC) er eit statleg finansiert klyngeprogram som skal bidra til verdiskaping gjennom berekraftig innovasjon. Programmet tilbyr fagleg og finansiell støtte til utvikling av næringsklynger som er nasjonalt eller internasjonalt konkurransedyktige innan sitt fagområde. NIC er eit samarbeid mellom Innovasjon Norge, SIVA (Selskapet for industriekst) og Forskningsrådet, og vert finansiert av Nærings- og fiskeridepartementet og Kommunal og moderniseringsdepartementet. Programmet består av tre nivå, ARENA, NCE og GCE.

ARENA-klynger er det lågaste nivået i NIC-programmet, og er eit tilbod til klyngeinitiativ i tidleg fase. Programmet skal forsterke utviklingsprosessane i miljøet gjennom auka samarbeid mellom bedrifter, kunnskapsmiljø og utviklingsaktørar. ARENA-klyngene har eit avgrensa regionalt nedslagsfelt.

NCE-nivået rettar seg mot dynamiske næringsklynger som har etablert systematisk samarbeid, og har potensiale for vekst i nasjonale og internasjonale marknader. Innan for deira respektive sektorar og teknologiområde skal klyngene ha ein nasjonal posisjon.

GCE – nivået rettar seg mot dei mest mogne klyngene med ein velfungerande organisasjon, forankra i eit velfungerande innovasjonssystem, og med ein godt etablert posisjon innanfor globale verdikjeder. Oversikten under viser status for dei ulike klyngene i Hordaland pr 1.1 2016.

## GCE – Global Centre of Expertise

Namn	Lokalisering	Tema/bransje	Medlemmer	Merknad
GCE Subsea	Bergensregionen	Energi/olje og gass	Ca 100	GCE i 2015

## NCE – Norwegian Centre of Expertise

Namn	Lokalisering	Tema/bransje	Medlemmer
NCE Tourism- Fjord Norway	Vestlandet	Reiseliv	Ca 100 bedrifter
NCE Maritime Clean Tech	Sunnhordland/ Bergensregionen/ Rogaland	Maritim teknologi	Vel 50
NCE Media	Bergen	Mediateknologi	Ca 80
NCE Seafood Innovation Cluster	Bergensregionen	Sjømat/oppdrett	Ca 25

## Arena

Namn	Lokalisering	Tema/bransje	Medlemmer	Merknad
DesignARENA	Bergensregionen	Design - sektoroverskridende	Ca 35	Søker NCE i 2016

SFI – ordninga skal styrke innovasjon gjennom satsing på langsiktig satsing i eit nært samarbeid mellom FoU-aktive bedrifter og framståande forskingsmiljø. SFI skal utvikle kompetanse på eit høgt internasjonalt nivå på område som er viktig for innovasjon og verdiskaping. Ordninga er ei samfinansiering mellom bedrifter, vertsinstitusjon og Forskningsrådet. Hordaland fylkeskommune støttar søknadsutvikling til SFI-ar, men har ingen praksis med å gå inn med finansiering i sentera.

## SFI – Senter for forskingsdriven innovasjon

Namn	Lokalisering	Tema/bransje	Medlemmer
SFI – Centre for Service Innovation	Bergen	Tenesteinnovasjon	NHH, SNF, SINTEF, mfl.
CRISP – senter for miljøvennleg fangstteknologi	Bergen	Marin/Fiskeri	Havforskinsinst.,UiB, UIT m.mfl
Sea Lice Research Centre	Bergen	Marin/Havbruk	Veterinærhøgskolen, UiB, Havforskinst., Uni Research, m.fl.
SFI - Ctrl Aqua	Vestlandet	Marin sektor /oppdrett	NOFIMA, UIB, Uni Research m.fl.

Fylkeskommunen vil fortsetje å vere pådriver for å få etablert SFI-ar i fylket, men det er etter Fylkesrådmannen sitt syn ikkje trond for å gå inn med eventuelle partnarskapsmidlar i dette verkemidlet. Fylkesrådmannen rår til at det vidare kan løvvast prosjektmidlar til arbeid kring søknadsutforming og bedriftskartlegging over budsjettet for Handlingsprogram for næringsutvikling for å sikre at Hordaland fylke opprettar fleire SFI-ar.

### 3. Evaluering av Innsatsområde 2: Relevant kompetanse

#### 3.1 Auke talet på personar som tek fagbrev, med særskilt fokus på etterspurte fagutdanninger

Fag- og svenneprøvar	2011	2012	2013	2014	2015
<b>Totalt (tal personar)</b>	<b>2623</b>	<b>2220</b>	<b>2512</b>	<b>2794</b>	<b>2813</b>
Teknikk og industriell produksjon	22,28 %	26,30 %	26,38 %	25,44 %	24,36 %
Bygg- og anleggsfag	13,78 %	21,52 %	21,53 %	20,64 %	19,96 %
Helse- og oppvekstfag	17,55 %	16,70 %	16,54 %	19,48 %	21,97 %
Elektrofag	13,89 %	14,66 %	15,44 %	13,77 %	14,23 %
Service og samferdsel	5,73 %	7,43 %	8,81 %	10,51 %	9,58 %

Restaurant- og matfag	3,52 %	5,10 %	5,42 %	4,26 %	4,01 %
Design og handverk	2,49 %	4,94 %	3,64 %	3,77 %	3,20 %
Naturbruk	2,49 %	1,80 %	1,96 %	1,87 %	2,56 %
Media og kommunikasjon	0,24 %	0,33 %	0,21 %	0,26 %	0,13 %

Oversikten viser talet på personar som har teke fagbrev i perioden 2011-2015. I tillegg er det teke med fordelinga på dei ulike fagområda. Det som er utfordrande med dette resultatmålet er koplinga til kva fagutdanninger som er etterspurte.

### 3.2 Auke talet på godkjente lærebedrifter, særleg innan fagområder etterspurt av næringslivet

Dette resultatmålet er krevjande å rapportera på. I VIGO-databasen til fagopplæringskontoret fins det ikkje oversikt over godkjente bedrifter pr. fag. Også her er det vanskeleg å få eit bilet av kva fagområde som er etterspurt av næringslivet.

### 3.3 Etablering av nye studietilbod innan høgare utdanning i tråd med behov i næringslivet.

Fylgjande studietilbod innan høgare utdanning er etablert i samarbeid med næringslivet:

- NHH Executive - MBA Seafood
- Integrated master programme in aquaculture and Seafood (HAVSJØ) - Civil engineer
- Trainee Indre Hordaland er etablert. Trainee-programmet bidreg til å rekruttere høgt utdanna kanididater til bedrifter i Indre Hordaland.
- I 2015 vart det gjennomført forkurs for gje studentane som har fullført teknikarutdanning i fagskule forkurs i matematikk og fysikk slik at dei blir kvalifisert til ingeniørstudiet. Gjennom å etablera eit lokalt teknisk utdanningssystem, ønskjer industriverksemndene å sikra tilgangen på ingeniørkompetanse og ikkje minst sikra tilgangen på "praktiske ingeniørar". Gjennom å auka den praktisk-teoretiske kompetansen ønskjer verksemndene å få til betre og meir effektiv produksjon/drift.
- 2017 opnar Media City Bergen, ei klynge av bedrifter og utdanningsinstitusjonar med ambisjon om skape eit internasjonalt leiande miljø for innovasjon og kunnskapsutvikling innanfor mediefeltet. Her vert det fylgjande nye studiar: Bachelor i tv-produksjon, Master i manusutvikling for serier, Bachelor i journalistikk, Master i undersøkende journalistikk, Bachelor i medie- og interaksjonsdesign og Master i avansert medie- og interaksjonsdesign.
- Vi har støtta oppretting av Master i Design Thinking. Dett er eit studie i praktisk, brukarorientert og prototype-drevet innovasjonsmetodikk, som tar for seg utfordringane i ein organisasjon på nye og kreative måtar. Dette kan være utvikling av nye produkt, tenester, opplevingar, forretningsmodellar eller nye prosessar internt i organisasjonen.

### 3.4 Auke talet på personar med doktorgrad i næringslivet

Statistisk sentralbyrå (SSB) har i utgangspunktet ikkje tal som viser kor mange tilsette i næringslivet i Hordaland som har doktorgrad. Hovudoversikten viser derfor det generelle utdanningsnivået for personar busette i Hordaland. Tala manglar opplysningar om utdanningsnivået til mange innvandrarar, men dei gir likevel eit bilet over korleis det står til og kva utvikling det har vore over tid.

Utdanningsnivå for personar i Hordaland, 16 år og over	2013	2014	2015
Grunnskulenivå	100 824	103 081	102 554
Vidaregåande skule-nivå	165 851	172 379	173 206
Høgare utdanning t.o.m. 4 år	89 392	95 020	97 517
Høgare utdanning meir enn 4 år, samt forskarutdanning	32 586	37 057	39 540

Som eit supplement til desse tala har Hordaland fylkeskommune spesialtinga tal frå SSB som viser «*Sysselsette personar i alderen 15 til 74 år som er busette i Norge med arbeidsstad i Hordaland etter utdanning*». Dei ferskaste tala er frå 4. kvartal 2014, som er det første året med resultatmål i handlingsprogrammet. Det er difor førebels ikkje mogleg å fram ein tidsserie som viser utvikling over tid i tråd med planperioden. Tala, som er vist under, er med for å visa grunnlaget i starten av planperioden.

<b>Arbeidsstad etter utdanning, 15-74 år Hordaland</b>	<b>I alt</b>	<b>Offentleg</b>	<b>Privat</b>
I alt	261 343	77 400	183 943
Grunnskulenivå	47 380	8 856	38 524
Vidaregåande skule-nivå, ikkje studiekompetanse	83 793	18 332	65 461
Vidaregåande skule-nivå, studiekompetanse	20 877	4 608	16 269
Høgare utdanning, bachelorgrad	68 508	32 086	36 422
Høgare utdanning, mastergrad	23 284	9 624	13 660
<b>Høgare utdanning, doktorgrad</b>	<b>3 124</b>	<b>2 057</b>	<b>1 067</b>
Uoppgitt utdanning	14 377	1 837	12 540

#### 4. Evaluering av Innsatsområde 3: Bergensregionen, regionsenter og lokalsamfunnsutvikling i Hordaland

##### 4.1 Få alle regionar i fylket inn blant dei 50 % beste regionane i NHO sitt Nærings NM

Region	Kommunar	Rangering (plassering/tal regionar)				
		2011	2012	2013	2014	2015
Bergensregionen	Bergen (Fjell, Øygarden, Sund, Askøy, Os, Fusa, Samnanger) (Austevoll, Vaksdal, Osterøy)	6/83	4/83	5/83	2/80	4/77
Hordaland Vest	Fjell, Øygarden, Sund, Askøy	39/83	29/83	21/83		
Voss	Voss	27/83	31/83	23/83	38/80	
Sunnhordland	Fitjar, Stord, Bømlo, Sveio, Tysnes, Etne, Austevoll, Kvinnherad	32/83	34/83	31/83	10/80	14/77
Nordhordland	Fedje, Radøy, Austrheim, Meland, Masfjorden, Lindås, Modalen	68/83	44/83	51/83	61/80	30/77
Hardanger	Ulvik, Kvam, Granvin, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Jondal, Voss	50/83	64/83	55/83	32/80	37/77
Bjørnefjorden	Os, Fusa, Samnanger	31/83	14/83	61/83		
Osterfjorden	Vaksdal, Modalen, Osterøy	80/83	46/83	64/83	37/80	

Fram til og med 2014 presenterte NHO både Nærings-NM og kommune-NM. Frå og med 2015 vart dette slått saman til NHO sitt årlege Kommune-NM . Her vert norske kommunar og regionar rangert etter 21 indikatorar som speglar vekstkrift og attraktivitet for næringslivet innanfor dei fem områda næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommune-økonomi. Indikatorsettet er utviklet i samarbeid mellom Vista Analyse og NHO.

Frå og med 2014 endra NHO regioninndelinga slik at kommunane Fjell, Øygarden, Sund, Askøy, Os, Fusa og Samnanger vart inkludert i Bergensregionen. I 2015 var det gjort ein ny endring i regioninndeling då Voss vart lagt til Hardanger. Som ein konsekvens av endringane er NHO sitt tal på regionar i Hordaland endra frå åtte til fire i perioden 2011 til 2015. I 2013 var Nordhordland, Hardanger, Bjørnefjorden og Osterfjorden i nedre halvdel av resultatlista. I 2015 var alle regionane inne blant dei som låg på øvste halvdel. Føresetnadene for resultatmålet har endra seg så pass undervegs at det er vanskeleg å seia noko kvalifisert om årsaka til endringane utan å gjera ei grundigare analyse av datagrunnlaget til Vista Analyse.

##### 4.2 Auke næringsarealreserven i fylket

Business Region Bergen fekk i 2009 utarbeida rapporten "Næringslivets arealbehov og lokaliseringspreferanser" i samarbeid med mellom anna Bergen kommune og Næringsalliansen. Rapporten var den første kartlegginga som er gjort av næringsarealsituasjonen i Bergensregionen. Analyseområdet dekker alle dei 20 kommunane innanfor Business Region Bergen. Formålet med rapporten var å gje kommunane betre oversikt og kunnskap om tilbodet av næringsareal i regionen, samstundes som næringslivet sine framtidige arealbehov og lokaliseringspreferansar i Bergensregionen vart synleggjort i eit

20-års perspektiv. Rapporten konkluderte med at det er behov for 10-15 000 dekar nye næringsareal dei neste 20 åra.

Arealreserven i Hordaland er i dag samla sett nokså stor, men det er viktig å presisere at dette ikkje betyr at behovet er dekkja. Næringsarealet si lokalisering i regionen er svært viktig. Dette gjeld både i forhold til sentralitet og i forhold til hovudtransportårene i regionen. Sjølv om det fins ledig areal fleire stadar er det ikkje sikkert at typen areal passar til etterspørsla i området.

Arbeidet i 2009 var fylgd opp av ei ny kartlegging i 2012. Dei viktigaste konklusjonane frå den nye kartlegginga var at det burde etablerast forpliktande strategiar for utvikling av nye næringsområde i eit 20 års perspektiv. I tillegg må det etablerast eit aktivt regionalt samarbeid mellom kommunar og fylkeskommune om utvikling av gode næringsområde.

## 5. Fylkesrådmannen si vurdering

Å finne gode resultatmål for bruk av tilretteleggjande verkemiddel er utfordrande. Resultata kjem gjerne fleire år etter prosjektavslutning, effektar av innsats vert ofte påverka av eksterne forhold (konjunkturar, oljepris m.m.) og det kan vera vanskeleg å sjå målbare resultat. I handlingsprogrammet er det forsøkt å finne resultatmål knytt til kvart innsatsområde kor det er mogleg å finne indikatorar i tilgjengelege rapportar og i tilgjengeleg statistikk utan å måtte sette i verk eit omfattande arbeid. Det er viktig å helda resultatmåla og indikatorane mest mogleg konstant over planperioden for å kunne få tidseriar som kan indikere ei endring. Resultatmåla er difor ikkje endra undervegs sidan dei skal danne ein del av grunnlaget for vurdering av resultat og effektar av innsatsen i næringsplanen og handlingsprogramma, og vera eit grunnlag for revisjon av regional næringsplan. Fylkesrådmannen føreslår difor at resultatmåla stort sett vert vidareført i noverande form, men at det vert gjort justeringar på dei resultatmåla som baserer seg på etterspurnad i næringslivet. Dette er vanskeleg å måla. Fylkesrådmannen vil også peika på at det ikkje er naudsynt med årlege oversiktar over næringsarealreserven i fylket, sidan det er eit omfattande arbeid å henta inn desse opplysningane. Det er likevel viktig å ha oversikt over næringsarealreserven, særleg knytt opp til arbeidet som skal gjerast i Invest in Bergen. Jamlege oppdateringar av tilgjengeleg næringsareal og kor dette er, er difor naudsynt.